

# Eit trygt arbeidsliv for alle

1. mai 2023

sv.no/bli-medlem



Eit trygt arbeidsliv for alle

1. mai 2023

sv.no/bli-medlem

# Eit trygt arbeidsliv for alle

Mange av oss kjenner på at økonomien har blitt trongare det siste året. Renta har gått opp, maten er blitt dyrare og straumprisane er framleis høge. Er lønna låg eller ein står utan jobb, merkar ein det best. For nokre har det blitt umogleg å få kronene til å strekke til neste lønning. Media viser bilete frå lange matkøar. Fleire av stadane som deler ut mat melder om massive aukingar av personar som har behov for hjelp til å mette borna sine og seg sjølv.

Det er dei med minst som blir ramma hardast. Difor må vi få på plass løysingar som sikrar hjelp akkurat no, samtidig som vi sikrar eit seriøst og trygt arbeidsliv, som gir ei løn å leve av og ein jobb å leve med. Det er òg viktig å ha gode tryggleiksordningar om ein skulle falle utanfor. Vi må sikre ein god offentleg velferd som kjem alle til gode. Dette er heilt fint mogleg dersom dei som har mest, bidrar meir. Forskjellane i Noreg aukar, og det er dei på toppen som drar frå.

## SV vil jobbe for:

- **At helsetilbodet heldes offentleg, og ikkje blir privatisert. Konkurranseutsetjing og privatisering gir ofte store lønns- og pensjonstap for dei tilsette. Mange får òg tøffare arbeidsforhold. SV vil at fellesskapets pengar skal gi gode velferdstenester for innbyggjarane, ikkje profitt til kommersielle selskap.**
- **Heile, faste stillingar i kommunar og fylkeskommunar. Difor jobbar vi mot bruk av midlertidige tilsetjingar og den aukande bruken av bemanningsbyrå. På den måten kan flest mogleg få ein godt betalt, fast og heil stilling.**
- **Å redusere den sosiale ulikskapen. Dei vanskelege økonomiske tidene rammar dei som har minst, aller mest. Derfor er det òg viktig med rimelege og gode kommunale tenester som barnehage, skule og eldreomsorg.**

**Sosialistisk Venstreparti**
Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn i SV her:**

# Eit trygt arbeidsliv for alle

Mange av oss kjenner på at økonomien har blitt trongare det siste året. Renta har gått opp, maten er blitt dyrare og straumprisane er framleis høge. Er lønna låg eller ein står utan jobb, merkar ein det best. For nokre har det blitt umogleg å få kronene til å strekke til neste lønning. Media viser bilete frå lange matkøar. Fleire av stadane som deler ut mat melder om massive aukingar av personar som har behov for hjelp til å mette borna sine og seg sjølv.

Det er dei med minst som blir ramma hardast. Difor må vi få på plass løysingar som sikrar hjelp akkurat no, samtidig som vi sikrar eit seriøst og trygt arbeidsliv, som gir ei løn å leve av og ein jobb å leve med. Det er òg viktig å ha gode tryggleiksordningar om ein skulle falle utanfor. Vi må sikre ein god offentleg velferd som kjem alle til gode. Dette er heilt fint mogleg dersom dei som har mest, bidrar meir. Forskjellane i Noreg aukar, og det er dei på toppen som drar frå.

## SV vil jobbe for:

- **At helsetilbodet heldes offentleg, og ikkje blir privatisert. Konkurranseutsetjing og privatisering gir ofte store lønns- og pensjonstap for dei tilsette. Mange får òg tøffare arbeidsforhold. SV vil at fellesskapets pengar skal gi gode velferdstenester for innbyggjarane, ikkje profitt til kommersielle selskap.**
- **Heile, faste stillingar i kommunar og fylkeskommunar. Difor jobbar vi mot bruk av midlertidige tilsetjingar og den aukande bruken av bemanningsbyrå. På den måten kan flest mogleg få ein godt betalt, fast og heil stilling.**
- **Å redusere den sosiale ulikskapen. Dei vanskelege økonomiske tidene rammar dei som har minst, aller mest. Derfor er det òg viktig med rimelege og gode kommunale tenester som barnehage, skule og eldreomsorg.**

**Sosialistisk Venstreparti**
Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn i SV her:**